



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
026/22	Formannskapet	17.03.2022
014/22	Kommunestyret	05.05.2022

Sakshandsamar: Monika Lysne	Arkiv:	Arkivsaksnr. 22/237 - 3
-----------------------------	--------	-------------------------

Kommunedelplan for Næring 2023-2035, oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram til offentlig ettersyn

Kort samandrag:

Kommunal Planstrategi 2020-2023 vart vedteken av kommunestyret og fastsett at det skal lagast ny kommunedelplan for næring i kommunestyreperioden. Det er starta arbeidsgruppe, og det er utarbeida framlegg til planprogram for planprosessen som kan leggjast ut til offentlig ettersyn.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek oppstart av planarbeid for utarbeiding av ny Kommunedelplan for Næring 2023-2035 i medhald av Plan- og bygningslova § 11-12, og vedtek samstundes å leggja framlegg til Planprogram ut til offentlig ettersyn og høyring i medhald av §§ 4-1 og 11-13.

17.03.2022 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS-026/22 Vedtak:

Kommunestyret vedtek oppstart av planarbeid for utarbeiding av ny Kommunedelplan for Næring 2023-2035 i medhald av Plan- og bygningslova § 11-12, og vedtek samstundes å leggja framlegg til Planprogram ut til offentlig ettersyn og høyring i medhald av §§ 4-1 og

11-13.

05.05.2022 Kommunestyret

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS-014/22 Vedtak:

Kommunestyret vedtek oppstart av planarbeid for utarbeiding av ny Kommunedelplan for Næring 2023-2035 i medhald av Plan- og bygningslova § 11-12, og vedtek samstundes å leggja framlegg til Planprogram ut til offentleg ettersyn og høyring i medhald av §§ 4-1 og 11-13.

Vedlegg:

Framlegg til Planprogram for KDP Næring

Relevante dokument i saka

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova §§ 4 og 11.

Saksutgreiing

Kommunen er pålagt gjennom Plan- og bygningslova å utarbeide ein samla kommuneplan, som skal innehalde ein samfunnsdel og ein arealdel. Kommunen kan i tillegg utarbeide kommunedelplanar for bestemte område eller temaplanar. Kommunestyret i Lærdal kommune vedtok Kommunal Planstrategi i juni 2021, der det går fram at det skal lagast ein kommunedelplan for næring. Føremålet med næringsplanen som skal utarbeidast, er å planleggje for eit robust, heilskapleg og nytenkjande næringsliv i Lærdal, som ikkje lengre er i omstilling, slik det står i planstrategien til kommunen.

Planprogram for Kommunedelplan for næring i Lærdal kommune har heimel i Plan- og bygningslova § 11-2. Føremålet er å leggje til rette for ein open planprosess som sikrar brei medverknad og opnar for at dei som ynskjer det kan involvere seg. Planprogrammet skal gjere prosessen føreseieleg og sei litt om innhald, framdrift og planlagde aktivitetar. Vedtatt planprogram skal leggjast ut på høyring, der dei som ynskjer det kan kome med innspel. I nær samhandling med næringslivet skal planen svare på korleis kommunen kan leggje best mogleg til rette for ei berekraftig næringsutvikling, som byggjer på Lærdal sine ressursar og fortrinn.

Planen har eit langsiktig perspektiv, med ein handlingsplan som skal ta for seg tiltaka i

næringsplanen. Handlingsplan skal vere eit operativt dokument som skal rullerast kvart fjerde år eller ved behov. For å nå måla i planen er ein avhengig av god samhandling mellom kommune, lokalt næringsliv og andre aktørar i virkemiddelapparatet. Dette kan til dømes vere Innovasjon Norge, Sognefjord Næringshage, Sogn Næring og nabokommunar.

Det er satt ned ei arbeidsgruppe for planprogrammet og utarbeiding av sjølv planforslaget. Arbeidsgruppa skal sikre god framdrift i arbeidet, og sidan det er avgrensa med medlemmar i gruppa, er det eit ynskje å gå breitt ut for å få til god medverknad og involvering i utarbeiding av næringsplanen. Det vert vist til planprogrammet som vedlegg for utfyllande informasjon om målsettingar, innhald, medverknadsprosess og framdriftsplan for planprosessen.

Økonomiske konsekvensar

Planarbeidet vert gjennomført innanfor eksisterande administrative ressursar.

Vurdering

Planarbeidet er i tråd med kommunestyret sine prioriteringar av planarbeid gjennom vedtak av den kommunale planstrategien. Framlegg til planprogram som er utarbeida, legg til rette for ein god medverknadsprosess i planprosessen, noko som er spesielt viktig når det skal utarbeidast nye kommunedelplanar. Planen vert førande for kommunen sine tiltak, stønadsordningar, prioriteringar osv. i eit langsiktig perspektiv. Arbeidsgruppa er allereie i gang, og har hatt fyrste møte i prosessen. Her deltek næringsrådsgjevar, klimakoordinator, landbrukssjef og ein eller to representantar frå Næringsssamskipnaden. Dei har lagt opp til ein omfattande medverknadsprosess med brukarundersøkingar, kartleggingar og offentleg høyringar, verkstadar osv. Administrasjonen meiner det ligg til rette for å vedta oppstart av planarbeidet for ny kommunedelplan for næring og leggje framlegg til planprogram ut til offentleg ettersyn og høyring.